

Til

Statens vegvesen – Region Vest,  
6863 LEIKANGER.

***Søknad om redusert hastighet frå 60 km/t til 50 km/t ved Vats skule/Kårhus – Rv 46 (Saudavegen) i Vindafjord kommune***

Vats grendautval søker om å få redusert fartsgrensa på gjeldande strekning av Rv46 (Saudavegen). Strekinga er på lag 1,3 km og går frå Kårhusfeltet (byggefelt) til Vatnekrossen (vegkryss til Fv 737). Gjeldande fartsgrense er 60 km/t. Grendautvalet søker om å få redusert denne til 50 km/t.

Bakgrunn:

Rv 46 går frå Knapphus (E-134) om Nedre Vats og vidare til Sandeid/Vikedal/Suldal/Sauda. Trafikken på vegen har vore merkbar aukande. Etter at Rv 46 vart utbetra i Årak/Ilsneset, har auken av tungtrafikk vore merkbar. Men også anna nærings- og privattrafikk ser ut til å vera aukande. Det gjeld både gjennomgongstrafikk, men også trafikk til store verksemder i kring Vatsfjorden (Hatteland Group i Åmsosen og AF Decom på Raunes – Fv 738). Den aktuelle vegstrekninga går også forbi ein barneskule, eitt byggefelt, ein sjukeheim og har dessutan 3 vegkryss utanom dette. Vegen er forholdsvis rett, men har to vegkurvar i kvar ende av strekinga der trafikken kan koma brått på kryssande trafikk. Det er sykkel- og gangveg på mykje av strekinga (Sjå vedlegg – Kart 1)

Trafikkpunkt der det lett kan oppstå kritiske situasjonar (kart 2):

**Pkt 1: Krysset ved Kårhusfeltet (byggefelt)/Vindafjordtunet (sjukeheim)**

Her er det ein sving rett før krysset. Trafikken frå Knapphus kjem brått på og her har det også vore trafikkulukke med personskade og mange nestenulukker og farlege situasjonar.

Vindafjordtunet har mange tilsette som skal frå og til arbeid. Likeeins er det trafikk inn og ut av Kårhusfeltet. I dette krysset startar også sykkel- og gangvegen. Alle som vil nytta seg av han, og som kjem frå Kårhusfeltet og Vindafjordtunet, må kryssa Rv 46. Mange born kryssar vegen til og frå skulen og fritidsaktivitetar. Det same gjeld syklende frå Knapphus som vil over i sykkel- og gangvegen.

**Pkt 2: Kårhuskrysset Rv 46 – Fv 738 mot Åmsosen/Raunes.**

Krysset er relativt oversiktleg. Det store problemet her, er at syklende og gåande langs sykkel- og gangvegen langs Fv 738 og langs Rv 46 må kryssa Rv 46 for å koma frå den eine til den andre sida. Her er det også mange born som skal til/frå skule og fritidsaktivitetar (symjehallen/kunstgrasbanen). Borna må dessutan forholde seg til trafikk frå 3 kantar, noko som kan vera komplisert for eit barn.

**Pkt 3: Utkjørsla frå Vats skule til Rv 46.**

Ved Vats skule er det om lag 120-130 elevar frå 1.-7. klasse. Særleg før skulestart om morgonen og ved skuleslutt, er det mange som skal ut og inn av området. I dag er det 2 store bussar + 4 minibussar (17 seters) og ein del foreldre med bil som nyttar bussstoppet. I tillegg skal om lag 20 tilsette også inn og ut av parkeringsplassen.

Rett aust for avkjørsla er det ein kurve på vegen. Trafikken frå Sandeid kjem brått på. Hastigheten deira kan også følast stor (frå der 60 km-sona startar og bort til svingen ved Kårhus bedehus er det nedoverbakke, så farten er ikkje alltid avpassa til 60 km/t).

Pkt 4: Vegkryss Rv 46 – Eidevegen (kommunal veg) ved Kårhus bedehus.

Dette er skuleveg for fleire av elevane. Dei må kryssa Rv 46 her for å koma over til sykkel- og gangvegen. Både farten til vestgåande trafikk og svingen rett vest for krysset, gjev utfordringar for både køyrande, syklande og fotgjengarar som skal til eller frå Eidevegen.

Eidevegen vert også nytta av mange som kjem frå Sandeid på Rv 46 og som skal til Åmsosen på arbeid.

Pkt 5: Vatnekrossen ved krysset Rv 46 og Fv 737 til Blikrabygda.

Ved krysset er har Rv 46 ein rett strekning. Men når ein kjem frå Fv 737, må ein langt fram i krysset for å få oversikt over trafikk på Rv 46. Det er nok ein fordel om hastigheten vert senka til 50 km/t også for dette krysset.

Konklusjon:

Med bakgrunn i det her nemnde, vil me råda til at hastigheten på Rv 46 frå Kårhusfeltet til Vatnekrossen vert senka frå 60 til 50 km/t.

Mvh

Severin Fatland (leiar i Vats grendautval)

Steinar Sørhus (styremedl. i Vats grendautval)

Vedlegg:

1. Uttale frå rektor ved Vats skule
2. Kart 1: Situasjon pr 05.09.-2013
3. Kart 2: Kritiske punkt på vegstrekninga
4. Kart 3: Vegstrekninga gr.utvalet ynskjer nedsett til 50 km/t.

Kontaktpersonar:

Severin Fatland,

5578 NedreVats

Tlf: 95 08 68 60

Epost: severinf@online.no

Steinar Sørhus,

5576 Øvre Vats,

Tlf: 47 75 57 46

Epost: steinar.soerhus@gmail.com